

Kommunale helse- og omsorgstenester 1994-2005

I denne serien vert det hovudsakleg publisert primærstatistikk, data frå statistiske rekneskapssystem og resultat frå spesielle teljingar og undersøkingar. Serien har først og fremst referanse- og dokumentasjonsføremål. Presentasjonen skjer vesentleg i form av tabellar, figurar og naudsynt informasjon om datamaterialet, innsamlings- og arbeidsmetodar, samt omgrep og definisjonar. I tillegg gis det ei kort oversikt over hovudresultata.

Serien omfattar òg publikasjonane Statistisk årbok og Svalbardstatistikk.

	Standardteikn i tabellar	Symbol
© Statistisk sentralbyrå, februar 2007	Tal er umogleg	.
Dersom materiale frå denne publikasjonen blir nytta, ver vennleg å oppgi Statistisk sentralbyrå som kjelde	Oppgåve manglar	..
ISBN 978-82-537-7151-9 Trykt versjon	Oppgåve manglar førebels	...
ISBN 978-82-537-7152-6 Elektronisk versjon	Tal kan ikkje offentliggjeras	:
	Null	-
	Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	0
	Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	0,0
Emnegruppe	Førebels tal	*
03.02	Brot i den loddrette serien	—
	Brot i den vassrette serien	
Trykk: Statistisk sentralbyrå	Desimalskilleteikn	,

Forord

Denne publikasjonen skildrar statistikk over Kommunale helse- og omsorgstenester. Statistikken blir utarbeidet på grunnlag av oppgåver som kommunar og institusjonar for eldre og funksjonshemma har sendt inn. Alle opplysningane gjeld for situasjonen ved slutten av året.

Tabellane i publikasjonen gjeld for åra 1994-2005.

Publikasjonen viser arbeidet med og innhaldet i statistikken. I tillegg viser den noen få utvalte tabellar for hovudområda.

Statistikken omhandlar personellsituasjonen, mottakarar av heimetenester, bebuarar i bustader og plassar i institusjonar. Publikasjonen inneheld tal for heile landet. Tala er også publiserte på SSB sine websider under <http://www.ssb.no/emner/03/02/helsetjko/>, , <http://www.ssb.no/kostra/> og <http://statbank.ssb.no/statistikbanken/> saman med meir detaljerte tal for kommunane. Det er også publisert resultat frå statistikken i Fylkeslegane sine medisinalmeldingar og Sosial- og helsedirektoratets Styrings- og informasjonssystem for helse- og sosialtenesta i kommunane ("Hjulet").

Publikasjonen er utarbeidet av konsulent Brith Sundby. Ansvarleg seksjonssjef er Elisabetta Vassenden- Seksjon for helsestatistikk.

Statistisk sentralbyrå,
Oslo/Kongsvinger, 8. januar 2007

Øystein Olsen

Johan-Kristian Tønder

Innhald

Forord	3
Tabellregister	5
1. Hovudresultat og bruk av tabellane	6
1.1. Hovudresultat	6
1.2. Bruk av tabellane	7
2. Bakgrunn og formål	7
2.1. Formål og historie	7
2.2. Brukarar og bruksområde	9
3. Om produksjon av statistikken	9
3.1. Omfang	9
3.2. Datakjelder	9
3.3. Utval	9
3.4. Datainnstilling	9
3.5. Oppgavebyrde	9
3.6. Kontroll og revisjon	9
3.7. Analyse.....	10
4. Omgrep, kjennemerke og grupperingar	10
4.1. Definisjon av dei viktigaste omgrepa	10
4.2. Definisjon av dei viktigaste kjennemerka	11
4.3. Standard grupperingar	11
5. Feilkjelder og uvisse	11
5.1. Innsamlings- og tilretteleggingsfeil.....	11
5.2. Utvalsfeil	11
5.3. Ikkje-utvalsfeil	12
6. Samanlikningar og samanheng	12
6.1. Samanlikningar over tid og stad	12
6.2. Samanheng med annan statistikk.....	12
7. Kvar finn ein statistikken?	13
7.1. Internett	13
7.2. Språk	13
7.3. Publikasjonar	13
7.4. Lagring og bruk av grunnmaterialet	13
7.5. Annan dokumentasjon	13
Vedlegg A	16
Tidlegare utgitt på emneområdet	59

Tabellregister

1. Utførde årsverk av ulike yrkesgrupper i kommunehelsetenesta. Årsverk pr. 10 000 innbyggjarar. 1994-2005.....	14
2. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene. 1994-2005.....	14
3. Mottakarar av heimetenester, etter type teneste. 1994-2005.....	14
4. Plassar i institusjonar for eldre og funksjonshemma, etter type plass. 1994-2005..	14
5. Bebuarar i bustader til pleie- og omsorgsføremål, etter alder. 1994-2005.....	15

1. Hovudresultat og bruk av tabellane

1.1. Hovudresultat

Det vart utført 110 966 årsverk i pleie- og omsorgstenestene i 2005. Dette er ein auke på om lag 3 060 årsverk frå 2004. I tillegg vart det utført 275 legeårsverk og 311 fysioterapiårsverk i institusjonar for eldre og funksjonshemma. Tal frå kommunerekneskapen viser at brutto driftsutgifter i 2005 innanfor pleie- og omsorgssektoren var 53 milliardar kroner og innanfor kommunehelsetenesta 8 milliardar kroner.

Talet på mottakarar av heimetenester var om lag 164 600 i 2005. Mottakarar som berre fekk praktisk hjelp utgjorde 29 prosent av alle mottakarane. Mottakarar over 80 år utgjorde 47 prosent av alle mottakarar av heimetenester.

Rundt 48 800 personar budde i bustader som kommunane disponerer til føremål innanfor pleie og omsorg. I 2005 var om lag 34 prosent av bebuarane under 67 år, eit forhold som har vore nærmast konstant sidan 1994.

Talet på plassar i institusjonar for eldre og funksjonshemma var 41 000 i 2005. Utviklinga dei siste åra viser at det vert fleire plassar i somatiske sjukeheimar og bustader til pleie- og omsorgsføremål, medan talet på plassar i aldersheimar går ned. Totalt var talet på plassar i sjukeheimar 38 200.

Samla sett hadde institusjonane 39 000 rom, noe som er ein auke på ein halv prosent frå 2004. Auken for einarom var på om lag 2 prosent, og slike rom utgjør no 95 prosent av alle romma i institusjonar for eldre og funksjonshemma.

Ved utgangen av 2005 budde 41 000 personar i institusjonane. Av desse var snaue 77 prosent over 80 år medan vel 4 prosent var under 67 år.

I 2005 vart det utført om lag 4 220 årsverk av legar i kommunehelsetenesta. Dette er ein auke på 69 årsverk samanlikna med 2004. Målt i høve til folketalet er total legedekning i kommunane, inkludert legar utan avtale, på om lag 9 årsverk per 10 000 innbyggjar. Dette er det same som 2004. Aukinga i legedekninga frå 2000 må sjåast i samanheng med innføringa av fastlegeordninga juni 2001, og dermed endra marknad og registreringsrutinar. Små og usentrale kommunar har den beste legedekninga.

Eit markert trekk ved legetenesta i kommunane, er at det gjennom nesten heile 1990-talet har vore ein overgang av legar frå kommunale stillingar med fast lønn til privat praksis. I 2005 stod privatpraktiserande fastlegar for 76 prosent av legeårsverka i kommunehelsetenesta, medan fastlønna legar stod for 13 prosent av årsverka. Talet på årsverk av legar utan avtale om driftstilskott har vorte redusert frå 2000 til 2001, men dette har truleg samanheng med endringar i legemarknaden knytt til innføring av fastlegeordninga.

Ved utgangen av 2005 utførte fysioterapeutar 4 148 årsverk i kommunehelsetenesta. Dette var ein nedgang på 14 årsverk samanlikna med året før. Målt i høve til befolkninga er dekninga av fysioterapeutar på 9,0 årsverk per 10 000 innbyggjar. I motsetnad til legedekninga er det dei største og mest sentrale kommunane som har hatt den høgaste dekningsgraden for fysioterapeutar.

Talet på årsverk for jordmødrer i kommunehelsetenesta var på om lag 270 både i 2004 og 2005. Årsverk av helsesystrer auka frå 1 830 til 1 850. Målt som årsverk per innbyggjar, er det dei minst sentrale kommunane som har den beste tilgangen på tenester frå desse yrkesgruppene. Spesielt gjeld dette for jordmødrer, der dei minst sentrale kommunane har om lag 4 gonger så mange årsverk per 10 000 nyfødde som dei mest sentrale kommunane.

1.2. Bruk av tabellane

Alle tabellane gjeld for åra 1994-2005.

Tabell 1 viser utviklinga i ressursinnsatsen i kommunehelsetenesta. For åra 1994 til 1999 inkluderer ikkje tala årsverk knytt til institusjonar for eldre og uføre.

Tabell 2 gjeld alle pleie- og omsorgstenestene og viser årsverk i tenestene. Tabell 3 tek for seg heimetenestene og ulike aspekt ved desse, både sjølve tenestetilbodet og talet på brukarane av desse tenestene. Tabell 4 omfattar plassar i institusjonar, og tabell 5 syner bebuarane i bustader til pleie og omsorgsføremål.

2. Bakgrunn og formål

2.1. Formål og historie

Formålet med statistikken er i hovudsak å gi ei samla oversikt over kommunehelsetenesta (allmennlegetenesta, fysioterapitenesta, jordmortenesta og skolehelse- og helsestasjonstenesta) og kommunale pleie- og omsorgstenester (heimetenester, institusjonar for eldre og funksjonshemma, bustader til pleie- og omsorgsføremål og personell knytte til desse tenestene).

Lov om helsetjenesten i kommunene vart vedteke i 1982 og trådte i kraft i 1984. Formålet med lova var mellom anna å styrkje primærhelsetenesta. Lova vart frå og med 1. januar 1998 utvida til å omfatte fengselhelsetenesta og kommunale sjukeheimar. Kommunane har etter dette også fått eit større ansvar for miljøretta helsevern og brukargrupper som psykisk utviklingshemma og psykiatriske pasientar. Statistikk over kommunehelsetenesta skal hjelpe sentrale, regionale og kommunale styremakter med data til planleggings- og tilsynsformål. Statistikken skal mellom anna gi kunnskap om personellsituasjonen og om kva som går føre seg i den lokale helsetenesta. Kommunehelsetenesta omfattar i dag følgjande oppgåver og deltenester, slik dei er lista opp i lov om helsetjenesten i kommunene av 19. november 1982 nr. 66 (utdrag frå § 1.3 i lov om helsetjenesten i kommunene):

Kommunens helseteneste skal omfatte følgjande oppgåver:

1. Fremje helse og førebyggje sjukdom, skade eller lyte. Tiltak med dette for auge vert organisert som:
 - a. miljøretta helsevern
 - b. helsestasjonsverksemd
 - c. helseteneste i skolar
 - d. opplysningsverksemd
 - e. helsetenester for innsette i dei kommunane det ligg anstaltar under fengselsvesenet
2. Diagnose og behandling av sjukdom, skade eller lyte
3. Medisinsk habilitering og rehabilitering
4. Pleie og omsorg

For å løyse dei oppgåvene som er nemnde over, skal kommunen sørgje for desse deltenestene:

1. Allmennlegeteneste, medrekna også legevaktordning
2. Fysioterapiteneste
3. Sjukepleie, medrekna helsesystemteneste og heimesjukepleie
4. Jordmorteneste
5. Sjukeheim eller buform for heildøgns omsorg og pleie
6. Medisinsk nødmeldetene

Statistikkgrunnlaget for dei ulike delane av kommunehelsetenesta er basert på årsoppgåver frå kommunane. For det første året, 1984, vart oppgåvene avgrensa til stort sett å gjelde opplysningar om personellressursane. Frå 1985 vart statistikken

utvida til også å omfatte virke ved helsestasjon og skolehelsetenesta. Personell utan helsefagleg utdanning som arbeider i helsestasjonstenesta vart inkluderte i statistikkgrunnlaget i 1988 og tilsvarande personell i skolehelsetenesta i 1994.

Pleie- og omsorgstenestene vart lagde under kommunalt totalansvar i 1988, då ansvaret for drifta av sjukeheimane vart ført over til kommunane. Til då hadde sjukeheimane vore del av dei fylkeskommunale helsetenestene, medan aldersheimane, heimetenestene og andre buformer høyrde til sosiale tenester. Desse sosiale tenestene låg innanfor området som kommunane hadde ansvaret for. Med overføringa fall behovet for å halde ved like det administrative skiljet i pleie- og omsorgstenestene på lokalt plan bort. Statistisk sentralbyrå tok i bruk felles skjema for alle institusjonar og buformer for eldre med tenester heile døgnet. Samstundes vart statistikken over heimetenestene nærare samordna med statistikken over institusjonane, og ein fekk ein felles rutine for innsamling og publisering av statistikken i 1989.

Eit par år før overføringa av ansvaret til kommunane fann stad, vart det statlege bidraget til finansieringa av helse- og sosialtenestene i kommunane lagt om frå øyremerkte tilskott til generelle rammetilskott utan nokon form for rapportering av verksemda til dei sentrale styresmaktene. Følgjeleg vart tidlegare kjelder til informasjon om den lokale utviklinga avvikla. Frå sentralt hald voks det fram eit behov for ny statistikk over desse tenestene. Dei sentrale styresmaktene har det overordna ansvaret for utviklinga og rammevilkåra og må føre tilsyn med lover, forskrifter og målsetjingar.

Dette er bakgrunnen for den pleie- og omsorgsstatistikken som har vorte laga sidan 1989. Statistikken er særleg viktig for dei sentrale styresmaktene, som har behov for ny informasjon, både for planlegging og for kontroll og evaluering av den lokale verksemda. Kommunane er òg ei interessegruppe for statistikken. Dei ynskjer å kunne samanlikne pleie- og omsorgstenestene både på kommune- og fylkesnivå og på nasjonalt nivå. I eit demokratisk samfunn vert også ulike interessegrupper, politikarar og den einskilde borgaren viktige mottakarar av informasjonen.

Frå statistikkåret 1995 vart oppgåver over vaksinasjonar i skolehelsetenesta og helsestasjonstenesta tekne ut av skjemagrunnlaget og samla inn gjennom eit individbasert system (SYSVAK). Delar av dette materialet vert publisert årleg i Sosial- og helsedirektoratet sin publikasjon "Styrings- og informasjonssystemet for helse- og sosialtenesta i kommunene" (HJULET).

I perioden etter 1984 har det vore nokre endringar i statistikkgrunnlaget. Dette gjer det vanskeleg å følgje utviklinga over tid.

Innsamling og publisering av statistikk frå kommunane har vore under endring dei siste åra. Størsteparten av data vert no samla inn gjennom KOSTRA-systemet (Kommune-Stat-Rapportering). KOSTRA starta som eit prosjekt i 1995. Formålet har vore å samordne og effektivisere all rapportering frå kommunane til staten, samt å sørge for relevant styringsinformasjon om kommunal verksemd. KOSTRA byggjer på elektronisk innrapportering frå kommunane til Statistisk sentralbyrå, samt på data frå ei rekkje andre kjelder i og utanfor Statistisk sentralbyrå. Blant desse kan spesielt nemnast rekneskapsdata, teneste- og personelldata og befolkningsdata. Talet på kommunar og fylkeskommunar er skrittvis auka fram til rapporteringsåret 2001, som var det første året alle kommunar var med i KOSTRA.

Meir informasjon om KOSTRA-rapporteringa samt detaljerte tal totalt og for kvar einskild kommune finn ein på <http://www.ssb.no/kostra/> og i Statistikkbanken (<http://www.ssb.no/statistikkbanken/>).

2.2. Brukarar og bruksområde

Sosial- og helsedepartementa, andre fagdepartement, Sosial- og helsedirektoratet, Statens helsetilsyn, regionale og kommunale styresmakter, forskarar og ålmenta generelt.

3. Om produksjon av statistikken

3.1. Omfang

Statistikken er basert på registrering av tenestene og personellet knytte til tenestene i alle kommunar. For pleie- og omsorgstenestene er alle institusjonar for eldre og funksjonshemma, både private og kommunale, inkluderte.

3.2. Datakjelder

Medan kommunane fram til 1999-2001 rapporterte gjennom fleire ulike spørjeskjema, skriv mesteparten av dataa seg no frå det elektroniske KOSTRA-systemet. Dekningsgrader baserer seg på statistikk frå Statistisk sentralbyrå sin befolkningsdatabase. Når det gjeld personellopplysningar blir dei henta frå SSB sin registerbaserte sysselsetjingsstatistikk: <http://www.ssb.no/emner/06/01/regsys/>

3.3. Utval

Statistikken omfattar alle kommunar, bydelane i Oslo og alle institusjonar for eldre og funksjonshemma definert i anten lov om sosiale tjenester eller lov om helsetjenesten i kommunene.

3.4. Datainnsamling

Kommunane fyller i hovudsak ut data på elektroniske skjema gjennom KOSTRA. I alt fire skjema er i bruk, med opplysningar frå kommunehelsetenesta, samljeskjema innanfor heile pleie- og omsorgssektoren, brukarane av og forhold når det gjeld heimetenestene samt institusjonar for eldre og funksjonshemma. Dei elektroniske skjema vert sende til kommunane 1. november. Kommunane er sjølve ansvarlege for å organisere utfyllinga. Svarfristen for opplysningane er 15. februar kvart år.

3.5. Oppgåvebyrde

Det er rekna ut at det tek kvar kommune om lag 8 timar å fylle ut alle skjema.

3.6. Kontroll og revisjon

Data vert kontrollert automatisk under utfyllinga av dei elektroniske skjema. Førøbelse tal vert lagde ut på Internett 15. mars. Dermed har kommunane sjølve eit høve til å kontrollere sine egne data og samanlikne med andre. Statistisk sentralbyrå kontrollerer og reviderer deretter datamaterialet. Denne revisjonen er basert på samanlikningar med tal frå føregåande år, samt ei vurdering av dei relative tala som kjem fram for den einskilde kommunen. Dette kan til dømes vere talet på brukarar, årsverk eller tal for institusjonsplassar sett i forhold til talet på eldre i kommunen. I dei tilfella ein finn store avvik frå det eine året til det andre, vert kommunen kontakta for ei nærare avklaring og mogleg oppretting. I tillegg til dei nemnde kontrollane kjem kontrollar for å få eit logisk samsvar mellom opplysningane i dei ulike postane i skjema.

Fylkeslegane får oversendt datagrunnlaget for å bruke dette i si tilsynsverksemd. Trass i eit omfattande arbeid med revisjon, vil det likevel kunne hefte feil eller manglar ved tal som vert presenterte.

Ved frigjevinga av endelege tal vil kommunar som ikkje har levert verte inkluderte med tal frå året før.

3.7. Analyse

(ikkje aktuelt)

4. Omgrep, kjennemerke og grupperingar

4.1. Definisjon av dei viktigaste omgrepa

<i>Årsverk – stillingar</i>	I kommunehelsetenesta vert personellet registrert i timar per veke. Talet på timar per veke vert rekna om til heile årsverk (heile stillingar) ved å dividere med eit normaltal per veke. I praksis inneber dette at vi har dividert med 36 timar for fysioterapeutar og 37,5 timar for dei andre yrkesgruppene. I pleie- og omsorgsstatistikken er årsverk meint å romme alt arbeid innanfor heimetenestene og institusjonane, det vil seie at dataregistreringane ikkje berre er avgrensa til funksjonane knytte direkte til brukarane og bebuarane, men famnar òg administrasjon og leiing, reinhald og kjøken. Dei tilsette vert registrerte etter utdanning per 31. desember. Alle deltidstillingar vert rekna om til heiltidstillingar. Ein registrerer berre avtalt arbeidstid.
<i>Overtid</i>	Overtid skal generelt ikkje takast med, men for legane vart det frå statistikkåret 1994 også inkludert timeverk etter avtaler om forlenga arbeidstid (sentral forbundsvis særavtale mellom KS og Den norske lægeförening). Denne avtala opnar for at ein, for inntil eitt år om gongen, inngår avtale om forlenga arbeidstid utover 37,5 timar i veka. Overtidsarbeid utover dette vert ikkje medrekna.
<i>Organisering av legar og fysioterapeutar</i>	Med organisering meiner ein den forma for tilknytning den enkelte lege og fysioterapeut har avtalt med kommunen. Det er fire formar for tilknytning den einskilde yrkesutøvar kan ha: 1) driftsavtale med kommunen, 2) fast løn, 3) turnuskandidat og 4) legar/fysioterapeutar utan avtale.
<i>Legar og fysioterapeutar med fast løn</i>	Desse yrkesutøvarane er kommunale lønsmottakarar og er tilsette i stillingar som kommunen har utlyst som kommunelege eller kommunefysioterapeut. Dette kan dreie seg om stillingar både på heiltid og deltid. Kommunane dekkjer alle utgiftene til stillingane, medan folketrygda gjev faste tilskot til kommunen per stilling. Arbeidsoppgåvene til desse fastlønnte legane og fysioterapeutane er fastlagde gjennom kommunale instruksar.
<i>Legar og fysioterapeutar med kommunal avtale</i>	Desse er i utgangspunktet privatpraktiserande, men inngår avtale med kommunen eller bydelen. Ordninga byggjer på ein avtale mellom KS, departementet og legane og fysioterapeutane sine organisasjonar. Dette inneber at legane forpliktar seg til å delta i ordningar for legevakt og kommunale oppgåver som eldreomsorg og førebyggjande funksjonar. Kor mykje den enkelte skal utføre av desse oppgåvene, samt opningstider for praksisane, vert definert i dei konkrete avtalene mellom den einskilde yrkesutøvar og kommunen/bydelen. Grunnlaget for inntekta til legar og fysioterapeutar med kommunal avtale er refusjonar frå folketrygda, pasientane sine eigenbetalingar og eit fast beløp (driftstilskot) frå kommunen som vederlag for avtalen.
<i>Legar og fysioterapeutar utan kommunal avtale</i>	Det finst også yrkesutøvarar som driv privat praksis utan å ha avtale med kommunen. For den einskilde pasient vil det ikkje ha noko å seie økonomisk om ein nyttar turnuskandidatar, legar med fast løn, eller legar med kommunal avtale. Legar utan kommunal avtale kan, innanfor visse avgrensingar, ta så høg eigenbetaling som pasientane er villige til å godta.

Etter endringar i folketrygdlova §§ 5-4, 5-7 og 5-8 vert det etter 1. juli 1998 ikkje lenger utbetalt trygderefusjonar til privatpraktiserande helsepersonell som ikkje har driftsavtale med kommune eller fylkeskommune.

<i>Turnuskandidatar</i>	Turnuskandidatar utgjer ein viktig del av tilbodet av tenester frå legar og fysioterapeutar i mange kommunar. Turnuskandidatar er medisinske kandidatar som avtener obligatorisk teneste i allmennpraksis for å oppnå rett til autorisasjon.
<i>Ledige avtaleheimlar/stillingar</i>	Heimlar eller fastlønte stillingar som er ledige per 31. desember på grunn av permisjon, sjukdom eller andre årsaker vert rekna som ledig dersom fråværet har vart meir enn fire månader.
<i>Mottakarar av heimetenester</i>	Statistikken omfattar alle som tek mot praktisk hjelp og/eller heimesjukepleie. Det er snakk om aktive brukarar av tenestene registrerte på ein gjeven dato ved utgangen av året. Kvar person som tek imot tenester vert rekna som mottakar. Eit unnatak er hushald der fleire personar tek imot heimehjelp, praktisk hjelp eller anna teneste retta mot hushaldet. Desse vert rekna som ein mottakar, ikkje fleire.
<i>Institusjonar for eldre og funksjonshemma</i>	I statistikken for pleie og omsorg har ein valt å definere ein institusjon som eit kompleks der ein del av arealet er felles for alle bebuarane, med felles hushald, og fast tilsett personale til stades heile døgnet. I prinsippet vil alle buformer som vert omfatta av lov om helsetjenesten i kommunene (buformer med pleie- og omsorgstenester) og lov om sosiale tenester (buformer med omsorgstenester), der institusjonsbebuarane i tillegg betaler vederlag etter forskrift for vederlag i institusjon, kome inn under denne definisjonen. Meir konkret dekkjer statistikken desse buformene og institusjonane: somatiske sjukeheimar, aldersheimar, kombinerte alders- og sjukeheimar, samt institusjonar der somatisk sjukeheim er kombinert med verksemd driven av fylkeskommunane, som sjukestue/fødestue eller psykiatrisk sjukeheim. I tillegg kjem enkelte buformer med heildøgns pleie og omsorg, der tilbodet vert gjeve av personale knytt til buforma.
<i>Bustader til pleie- og omsorgsføremål for eldre og funksjonshemma</i>	Desse omfattar bueiningar som kommunane stiller til disposisjon for hjelpetrengjande eldre og funksjonshemma, og som ikkje er rekna som institusjon. Det er her snakk om sjølvstendige bueiningar der bebuaren er leigetakar eller deleigar. Ein del av desse bueiningane har tenester knytt til seg, men desse er ikkje alltid tilgjengelege heile døgnet. Andre bueiningar har ikkje slik tilkopling, og bebuaren nyttar heimetenester på line med andre heimebuande. Mange av desse bueiningane er lagde til rette med tanke på bebuarar med nedsett funksjonsevne. Bueiningane kan ha fellesfunksjonar i ulik utstrekning, til dømes fellesareal (felles opphaldsrom) og felleshushald (tilbod om matsservering). Kva desse butilboda vert kalla, kan variere, men dei kan omfatte bueiningar med kalla trygdebustad, aldersbustad, omsorgsbustad (eventuelt servicebustader) og burettslag for eldre. I tillegg kjem bueiningar for psykisk utviklingshemma oppretta i samband med ansvarsreforma for psykisk utviklingshemma (HVPU-reformen) som trådte i kraft i 1991.

4.2. Definisjon av dei viktigaste kjennemerka

4.3. Standard grupperingar

5. Feilkjelder og uvisse

5.1. Innsamlings- og tilretteleggingsfeil

5.2. Utvalsfeil

KOSTRA-data er basert på fullteljing, det vil seia at alle einhetar i denne statistikken – kommunar, bydelar og aktuelle institusjonar – skal rapportere kvart år.

Handtering av fråfall: For kommunar og institusjonar som ikkje sender inn oppgåver vert tala frå året før lagt inn.

5.3. Ikkje-utvalsfeil

Organiseringa i dei ulike kommunane er svært ulik. Dette gjer at skjema ikkje alltid passar like godt for alle. Manglande samsvar mellom registreringane og dei faktiske forholda skjemaet tek sikte på å registrere, kan difor finnast.

<i>Timeverk av legar med driftsavtale</i>	I følgje rettleiinga skal tala omfatte timar per veke som er avtalt mellom legane og kommunen. Av og til ser vi at kommunane fører opp timane som legane faktisk har arbeidd, sjølv om dette talet overstig timane som ligg til grunn for avtala.
<i>Timar av legar med fast løn</i>	I følgje rettleiinga skal overtid ikkje reknast med. Enkelte kommunar tek likevel med overtid. Dette vert stroke i den grad ein har vorte gjort merksam på at slikt arbeid er medrekna.
<i>Legar og fysioterapeutar utan kommunal avtale</i>	Arbeid som legar og fysioterapeutar utan avtaler utfører i kommunen, skal meldast til den medisinsk-fagleg ansvarlege rådgjevar/kommunelege I. Røynsleane tilseier at kommune- eller bydelsforvaltninga ikkje alltid har full oversikt over denne verksemda. Dette kan føre til at personellinnsatsen til desse yrkesutøvarane vert undervurdert.
<i>Fordeling på verksemdsområde</i>	For både legar, fysioterapeutar, sjukepleiarar og hjelpepleiarar hender det at kommunane ikkje fordelar timane på dei ulike verksemdsområda. I slike høve tek SSB kontakt med kommunane.
<i>Årsverk</i>	I grunnmaterialet frå kommunane vert ressursinnsatsen oppgjeve i timar per veke. Omrekninga til årsverk vert gjort i SSB. Den generelle regelen for omrekning – 37,5 timar per veke – er difor brukt for alle yrkesgrupper med unntak av fysioterapeutar (36 timar i veka). Det ser likevel ut til å vere skilnader mellom kommunane i kor mange timar ei full stilling svarar til for dei ulike yrkesgruppene.
<i>Institusjonen sin tilstand</i>	Dersom ein institusjon vert lagt ned permanent eller førebels, skal det likevel sendast inn oppgåve for det siste året med drift. Det er ikkje uvanleg at ein ikkje er klar over dette, og i nokre høve kan det vere vanskeleg å hente inn opplysningar om talet på utskrivne bebuarar i siste år med drift. I så fall vert talet på bebuarar ved siste teljing førte opp som talet på utskrivningar.

6. Samanlikningar og samanheng

6.1. Samanlikningar over tid og stad

Statistikken har vore endra fleire gonger, men ein kan gi samanhengande tidsseriar for alle sentrale variable frå og med 1987 (kommunehelseteneste) og 1991 (pleie- og omsorgstenester).

Ikkje minst KOSTRA innebar nye skjema, med til dels endra spørsmål, som saman med endra rutinar for innsamlinga kan ha hatt verknader på resultatata i statistikken. I løpet av prosjektperioden er dessutan mange statistikkområde endra, og nye område er komne til. Samanlikning over tid kan derfor i nokre høve verte vanskeleg.

6.2. Samanheng med annan statistikk

Tidlegare var statistikken for kommunehelsetenesta og statistikken for pleie- og omsorgstenesta i kommunane publisert separat. Frå 2003 er desse samla i same publisering. Ein del av KOSTRA-dataa går også inn i SSB sitt nye publikasjonsverktøy "Statistikkbanken".

7. Kvar finn ein statistikken?

7.1. Internett

<http://www.ssb.no/helsetjko/>

Statistikken vert publisert to gonger i året, førebels statistikk i juni og endelege tal i mars året etter.

Gjennom SSB sitt verktøy *Statistikkbanken* er det mogeleg å utforme ein del tabellar etter eige behov:

<http://www.ssb.no/statistikkbanken/>

Vaksinasjonar: Hjulet, <http://www.ssb.no/hjulet/>

7.2. Språk

Norsk (nynorsk) og engelsk.

7.3. Publikasjonar

Noregs offisielle statistikk (NOS) på områda kommunehelsetenester og pleie og omsorg har vorte gjevne ut årleg/anna kvart år. Frå 2003 er desse to publikasjonane slått saman til ein – "Kommunale helse- og omsorgstenester". I tillegg vert einskilde tal gjeve i "Styrings- og informasjonshjulet for helse- og sosialtjenesten i kommunene" (HJULET). Artiklar baserte på resultat frå pleie- og omsorgsstatistikken finst i de Statistiske analysane (SA) Sosialt Utsyn 1998 og 2000, i "Eldre i Norge" 1999 og i "Helse- og omsorgstenester" 2002.

7.4. Lagring og bruk av grunnmaterialet

Lagring av materiale innhenta via KOSTRA skjer på kommune-/institusjonsnivå.

7.5. Annan dokumentasjon

For meir informasjon om KOSTRA, sjå KOSTRA sine nettsider:

<http://www.ssb.no/kostra/>

Eigne tabellar kan byggjast frå Statistikkbanken:

<http://www3.ssb.no/statistikkbanken/>

1. Utførde årsverk av ulike yrkesgrupper i kommunehelsetenesta. Årsverk pr. 10 000 innbyggjarar. 1994-2005

	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000 ¹	2001	2002	2003	2004	2005
Legar	3 264	3 299	3 305	3 351	3 466	3 527	3 809	4 109	4 151	4 131	4 150	4 219
Fysioterapeutar	2 921	3 033	3 135	3 256	3 361	3 420	3 968	4 112	4 130	4 152	4 162	4 148
Jordmødrer	160	201	222	241	258	269	283	277	282	286	282	284
Helsesyster	1 453	1 504	1 538	1 578	1 611	1 650	1 725	1 807	1 877	1 865	1 924	1 953
Legar pr. 10 000 innbyggjarar	7,5	7,5	7,5	7,6	7,8	7,9	8,5	9,1	9,1	9,0	9,0	9,1
Fysioterapeutar pr. 10 000 innbyggjarar	6,7	6,9	7,1	7,4	7,6	7,6	8,8	9,1	9,1	9,1	9,0	8,9
Jordmødrer pr. 10 000 født	26,6	33,4	36,8	40,3	44,2	45,3	47,8	48,8	50,8	50,6	49,4	49,8
Helsesyster pr. 10 000 barn 0- 4 år	47,8	49,6	50,8	52,1	53,3	54,6	57,3	61,0	64,1	64,1	66,5	68,0

¹ Nær 90 årsverk av fysioterapeutar i bydelsovergripande tenester (Helsevernetaten) i Oslo kommune er inkluderte i statistikken frå og med 2000. Desse årsverka har tidlegare ikkje vore med i datagrunnlaget

2. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene. 1994-2005

	Årsverk ¹ i alt	Årsverk ¹ pr. 1 000 innbyggjarar 67 år og over	Årsverk ¹ pr. 1 000 innbyggjarar 80 år og over	Årsverk pr. brukar ²
1994	68 331	110	394	0
1995	69 795	112	395	0
1996	73 733	119	409	0
1997	79 435	128	431	0
1998	82 794	134	439	0
1999	86 370	140	455	0
2000	89 669	146	455	0
2001	91 824	151	456	0
2002 ³	93 690	155	457	0
2003	105 883	175	506	1
2004	107 910	179	506	1
2005	110 966	183	514	1

¹ Årsverk for legar og fysioterapeutar reknast ikkje inn i pleie- og omsorgsstatistikken.

² "Brukar" er summen av heimetenestemottakarar og plassar i institusjonar.

³ Brot i tidsserien. Fram til 2002 er talet på årsverk innhenta pr. skjema. Frå og med 2003 er talet på årsverk innhenta frå register. 2003 og 2004 lar seg dermed ikkje utan vidare samanlikne med tidlegare år.

3. Mottakarar av heimetenester, etter type teneste. 1994-2005

	Mottakarar i alt	Både praktisk hjelp og heimesjukepleie	Berre heimesjukepleie	Berre praktisk hjelp	Uoppgitt	Pr. 1 000 innbyggjarar 67 år og over
1994	142 354	47 156	21 964	73 147	87	229
1995 ¹	145 249	45 228	19 982	68 784	535	234
1996	144 765	48 164	22 479	73 411	711	233
1997	149 026	51 143	23 858	72 653	1 372	240
1998	152 796	54 643	27 068	68 649	2 436	247
1999	157 396	57 521	33 211	64 944	1 720	255
2000	159 669	59 229	37 647	62 793	0	260
2001	161 169	59 095	40 327	61 747	0	264
2002	162 112	58 789	44 399	58 924	0	268
2003	161 094	59 896	46 529	54 669	0	267
2004	163 415	60 460	51 348	51 607	0	271
2005	164 623	62 119	54 491	48 013	0	272

¹ 10 720 personar med "andre heimetenester" og 535 mottakarar av heimhjelp og/eller heimesjukepleie blei ikkje fordelt på type, og er frå og med 2003 inkludert i totaltalet.

4. Plassar¹ i institusjonar for eldre og funksjonshemma, etter type plass. 1994-2005

	I alt	Sjukeheimsplassar	Aldersheimsplassar	Andre plassar	Pr. 1 000 innbyggjarar 67 år og over
1994	44 941	32 329	10 741	1 871	72,28
1995	43 882	32 760	9 728	1 394	70,60
1996	43 735	33 718	8 934	1 083	70,38
1997	43 377	34 291	8 302	784	69,86
1998	43 196	34 784	7 636	776	69,70
1999	43 240	35 704	6 812	724	70,02
2000	42 876	36 142	6 085	649	69,86
2001	42 741	36 958	5 240	543	70,11
2002	42 319	37 587	4 320	412	69,93
2003	41 718	37 778	3 660	280	69,15
2004	41 402	38 222	2 882	298	68,55
2005	41 027	38 269	2 470	288	67,68

¹ Institusjoner som var i drift pr. 31.12.

5. Bebuarar i bustader¹ til pleie- og omsorgsføremål, etter alder. 1994-2005

	I alt	Alder					90 år og over	Uoppgitt	Pr. 1 000 innbyggjar år 67 år og over
		Under 67 år	67-74 år	75-79 år	80-84 år	85-89 år			
1994	30 260	9 013	4 118	4 319	5 859	4 183	2 070	698	49
1995	32 338	9 169	3 993	4 654	5 590	4 457	2 121	2 354	52
1996	35 254	9 592	4 630	5 423	6 340	5 257	2 523	1 489	57
1997	38 140	10 783	5 096	6 037	7 031	5 987	2 912	294	61
1998	40 617	11 573	5 140	6 135	7 297	6 414	3 260	798	66
1999	43 983	12 545	5 557	6 736	7 817	6 878	3 564	886	71
2000	45 515	13 452	5 653	6 819	8 524	7 156	3 911	0	74
2001	46 023	14 079	5 426	6 558	8 520	7 263	4 177	0	75
2002	46 414	14 378	5 305	6 196	8 431	7 579	4 525	0	77
2003	48 087	15 401	5 140	5 986	8 794	7 820	4 946	0	80
2004	47 569	15 594	4 707	5 969	8 639	7 769	4 891	0	79
2005	48 821	16 651	4 569	5 450	8 635	8 152	5 364	0	81

¹ I bustader betaler bebuarane leige, medan dei betaler vederlag etter forskrift for vederlag i institusjon i institusjonar etter Lov om helsetjenesten i kommunen eller Lov om sosiale tjenester. For nærmare detaljer, sjå avsnitt 4.

KOSTRA 2005 - KOMMUNE-STAT-RAPPORTERING

Nummer på skjema

Namn på skjema

Rettleiing...

1**Personell og verksemd i kommunehelsetenesta.**

Opgåvene blir henta inn av Statistisk sentralbyrå på vegner av Statens helsetilsyn i medhald av lov om helsetjenesten i kommunene av 19. november 1982 § 6-3. Dei innsamla oppgåvene blir nytta til utarbeiding av Styrings- og informasjonssystemet for helse- og sosialtjenesten i kommunene og medisinalmeldinga frå fylkeslegen. Statistisk sentralbyrå vil i medhald av statistikklovens § 3.2 og § 3.3 nytte oppgåvene til framstilling av offisiell statistikk.

Opplysningar om kommunen og ansvarlig for rapporteringa

Kommunenr <input type="text"/>	Namnet på kommunen <input type="text"/>	Bydelsnr <input type="text"/>	Bydelsnamn <input type="text"/>
Namnet på den skjemaansvarlege <input type="text"/>	E-postadressa til den skjemaansvarlege <input type="text"/>	Tlf nr <input type="text"/>	

Del 1 Legar**1-2. Talet på timeverk av legar. Talet på timar per veke. Svar med to desimalar.**

- Inkludert avtaler om utvida arbeidstid fordelt på verksemdsområde (Avtale om utvida arbeidstid i samsvar med Sentral forbundsvis særavtale mellom Kommunenes sentralforbund og Den norske Lægeförening, som opnar for at det for inntil 1 år om gongen blir inngått avtale om utvida arbeidstid (utover 37,5 timar per veke). Overtid utover dette skal ikkje reknast med)

- Medrekna legar som utfører arbeid i pleie- og omsorgstenestene
- Ikkje medrekna legevakt
- Ikkje medrekna fengselshelsetenesta
- Ved interkommunalt samarbeid skal timeverka fordelast på dei kommunane/bydelane som deltek

	Diagnose, behandling, rehabilitering (funksjon 241) - Totalt	Førebygging helsestasjons- og skolehelseteneste (funksjon 232)	Førebyggjande arbeid, helse (funksjon 233) - Miljøretta helsevern	Førebyggjande arbeid, helse (funksjon 233) - Anna førebyggjande arbeid	Institusjonar med heildøgns pleie og omsorg (funksjon 253)	Administrasjon (funksjon 120)	I alt
Næringsdrivande legar med fastlegeavtale	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Kommunalt tilsette legar	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Turnuslegar	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Legar utan avtale	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
I alt	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>

1-3. Talet på legar i kommunehelsetenesta

Rettleiing:

Omfattar dei legane som er nemnde i punkt 1-2, inkludert legar som arbeider deltid.

	Talet på legar per 31.12.
Talet på legar i kommunehelsetenesta med fastlegeavtale	<input type="text"/>
Talet på legar i kommunehelsetenesta utan fastlegeavtale	<input type="text"/>
I alt	<input type="text"/>

1-4. Organisering av legevakttenesta

(fleire avkryssingar er mogleg)

Organisasjonsform	
Kommunal etat/eining	<input type="checkbox"/>
Kommunalt foretak (KF)	<input type="checkbox"/>
Kommunalt AS	<input type="checkbox"/>
Interkommunalt samarbeid	<input type="checkbox"/>
Interkommunalt samarbeid m/ særreknenskap	<input type="checkbox"/>
Interkommunalt selskap (IKS)	<input type="checkbox"/>
Interkommunalt AS	<input type="checkbox"/>
Privat AS	<input type="checkbox"/>

Merknader:

Del 2 Fysioterapeutar

Opggåvene blir henta inn av Statistisk sentralbyrå på vegner av Statens helsetilsyn i medhald av lov om helsetjenesten i kommunene av 19. november 1982 § 6-3. Dei innsamla oppgåvene blir nytta til utarbeiding av Styrings- og informasjonssystemet for helse- og sosialtjenesten i kommunene og medisinalmeldinga frå fylkeslegen. Statistisk sentralbyrå vil i medhald av statistikklovens § 3.2 og § 3.3 nytte oppgåvene til framstilling av offisiell statistikk.

Ansvarleg for innhaldet i skjemaet	E-post til skjemaansvarleg	Telefonnummer
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>

2-2. Talet på timeverk av fysioterapeutar. Talet på timar per veke. Svar med to desimalar.

- Medrekna fysioterapeutar som utfører arbeid i pleie- og omsorgstenestene
- Ikkje medrekna legevakt
- Ikkje medrekna fengselshelsetenesta
- Ikkje medrekna overtid
- Ved interkommunalt samarbeid skal timeverka fordelast på dei kommunane/bydelane som deltek

	Diagnose, behandling, rehabilitering (funksjon 241) - Totalt	Førebygging helsestasjons- og skolehelseteneste (funksjon 232)	Førebyggjande arbeid, helse (funksjon 233) - Miljøretta helsevern	Førebyggjande arbeid, helse (funksjon 233) - Anna førebyggjande arbeid	Institusjonar med heildøgns pleie og omsorg (funksjon 253)	Administrasjon (funksjon 120)	I alt
Fysioterapeut med driftsavtale	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Fastlønte fysioterapeutar	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Turnuskandidatar	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Fysioterapeut utan driftsavtale	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
I alt	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>

2-3. Organisering av fysioterapitenesta

Finst det i kommunen/bydelen fysioterapeut(ar) med fast lønn eller med avtale om driftstilskott per 31.12.?

Ja Nei

Dersom nei, svar på følgjande spørsmål

Har kommunen/bydelen lyst ledig stillingar/heimlar for fysioterapeutar i løpet av fjoråret?

Ja Nei

Har kommunen/bydelen organisert tilgang på fysioterapi i kommunen/bydelen, til dømes ved interkommunalt samarbeid?

Ja Nei

Har kommunen/bydelen organisert tilgang på fysioterapi utanfor kommunen/bydelen, til dømes ved interkommunalt samarbeid?

Ja Nei

Merknader:

Del 3 Helsestasjons- og skolehelsetenesta

Opggåvene blir henta inn av Statistisk sentralbyrå på vegner av Statens helsetilsyn i medhald av lov om helsetjenesten i kommunene av 19. november 1982 § 6-3. Dei innsamla oppgåvene blir nytta til utarbeiding av Styrings- og informasjonssystemet for helse- og sosialtjenesten i kommunene og medisinalmeldinga frå fylkeslegen. Statistisk sentralbyrå vil i medhald av statistikklovens § 3.2 og § 3.3 nytte oppgåvene til framstilling av offisiell statistikk.

Ansvarleg for innhaldet i skjemaet

E-post til skjemaansvarleg

Telefonnummer

3-2. Talet på timeverk i helsestasjons- og skolehelsetenesta. Talet på timar per veke. Svar med to desimalar (legar og fysioterapeutar blir registrerte i del 1 og 2).

- Ikkje medrekna overtid

- Ved interkommunalt samarbeid skal timeverka fordelast på dei kommunane/bydelane som deltek

	Førebygging helsestasjons- og skolehelseteneste (funksjon 232)
Jordmødrer	<input type="text"/>
Helsesystrer	<input type="text"/>
Psykiatrisk sjukepleiar	<input type="text"/>
Andre sjukepleiarar	<input type="text"/>
Psykologar	<input type="text"/>
Ergoterapeut	<input type="text"/>
Vernepleiar	<input type="text"/>
Anna høgskoleutdanna personell med vidareutdanning i psykisk helsearbeid	<input type="text"/>
Miljøterapeutar	<input type="text"/>
Hjelpepleiar	<input type="text"/>
Legesekretærer	<input type="text"/>
Anna personell med helsefagleg utdanning	<input type="text"/>
Anna personell utan helsefagleg utdanning	<input type="text"/>
I alt	<input type="text"/>

3-3. Organisering av jordmørtjenesta

Finst det i kommunen/bydelen jordmor som arbeider i svangerskapsomsorga per 31.12.?	<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei
Dersom nei, svar på følgjande spørsmål:	<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei
Har kommunen/bydelen lyst ledig stillingar/heimlar for jordmødrer i løpet av fjoråret?	<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei
Har kommunen/bydelen organisert tilgang på svangerskapskontrollar ved jordmor i kommunen/bydelen, til dømes ved interkommunalt samarbeid eller samarbeid med 2. linjeteneste?	<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei
Har kommunen/bydelen organisert tilgang på svangerskapskontrollar ved jordmor utanfor kommunen/bydelen, til dømes ved interkommunalt samarbeid eller samarbeid med 2. linjeteneste?	<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei

3-4. Førebyggjande helsetenester til ungdom 14-20 år per 31.12

Definisjon: helsestasjon for ungdom er: Helseteneste til ungdom der rådgjeving, rettleiing, undersøkingar og behandling er tilrettelagt for deira behov og på deira premisser. Tilbodet skal vere eit supplement til, og ikkje ei erstatning for, den obligatoriske skolehelsetenesta, jf. lov om kommunehelsetjenesten og forskrift nr. 450 2003 om kommunenes helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten.

Har kommunen/bydelen per 31.12. i drift, evt. tilgang til gjennom interkommunalt samarbeide:

	Talet på		
a. Talet på helsestasjonar for ungdom	<input type="text"/>		
b. Skolehelseteneste ved alle grunnskolar		<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	
c. Skolehelseteneste ved alle vidaregåande skolar		<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei <input type="radio"/> Har ikkje vidaregåande skole	
Dersom nei i b. eller c., kvifor ikkje?			<input type="text"/>

Tilbod ved:

	Helsestasjon for ungdom	Skolehelseteneste
Inngår prevensjonsundervisning/-rettleiing som ein del av tilbodet?	<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei
Inngår samlivsundervisning som ein del av tilbodet?	<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei
Inngår legekonsultasjon/-undersøking som ein del av tilbodet?	<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei
Inngår førebygging av psykiske problem som ei del av tilbodet?	<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei
Inngår førebygging av rusproblematikk som ei del av tilbodet?	<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei
Inngår helseopplysning, om for eksempel fysisk aktivitet, ernæring/kosthald og røyking, som ei del av tilbodet?	<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei	<input type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei

3-5. Aktivitet i helsestasjonstenesta og skolehelsetenesta

Målretta helseundersøkingar gjeld den enkelte, og innhaldet bestemmes individuelt av opplysningar om den bakgrunnen til den enkelte og tidlegare og noverande helsestilstand. Målretta helseundersøking har i tillegg ei informativ og pedagogisk målsetting. For definisjonar av uttrykk i spørsmåla nedanfor sjå "Veileder for helsestasjons- og skolehelsetjenesten" frå Statens helsetilsyn, IK2617, 2/98

	Talet på
Talet på gravide som fullførte fødselsførebuande kurs i regi av helsestasjonen	<input type="text"/>
Talet på nyinnskrivne gravide kvinner som har møtt til svangerskapskontroll ved helsestasjonen	<input type="text"/>
Talet på fyrstegong heimebesøk til nyfødde	<input type="text"/>
Talet på fullførte helseundersøkingar innan utgangen av 8. leveveke (6 vekers kontroll)	<input type="text"/>
Talet på fullførte 2-3-årskontrollar	<input type="text"/>
Talet på fullførte 4-årskontrollar	<input type="text"/>
Talet på fullførte helseundersøkingar innan utgangen av 1. trinn, grunnskolen	<input type="text"/>
Talet på dei som har fått målretta helseundersøkingar innan utgangen av 3. trinn, grunnskolen (8-års alder)	<input type="text"/>
Talet på dei som har fått målretta helseundersøkingar innan utgangen av 8. trinn, grunnskolen (13-års alder)	<input type="text"/>
Talet på dei som har fått målretta helseundersøkingar innan utgangen av grunnskurs, vidaregåande skole (16-års alder)	<input type="text"/>

3-6. Samarbeid med andre aktørar

Har helsestasjons- og skolehelsetenesta etablert rutinemessig forpliktande samarbeid (med formelle avtalar, reglar og rutinar) med relevante kommunale aktørar som t.d. barnehage, skole, pedagogisk-psykologisk teneste, barnevern, sosialteneste, offentleg tannhelseteneste og teknisk etat?

Ja Nei

Har helsestasjons- og skolehelsetenesta etablert rutinemessig forpliktande samarbeid (med formelle avtalar, reglar og rutinar) med spesialisthelsetenesta t.d. habiliteringsteam, barne- og ungdomspsykiatriske avdelingar og andre sjukehusavdelingar?

Ja Nei

Merknader:

Del 4 Anna personell i kommunehelsetenesta

Opgåvene blir henta inn av Statistisk sentralbyrå på vegner av Statens helsetilsyn i medhald av lov om helsetjenesten i kommunene av 19. november 1982 § 6-3. Dei innsamla oppgåvene blir nytta til utarbeiding av Styrings- og informasjonssystemet for helse- og sosialtjenesten i kommunene og medisinalmeldinga frå fylkeslegen. Statistisk sentralbyrå vil i medhald av statistikklovens § 3.2 og § 3.3 nytte oppgåvene til framstilling av offisiell statistikk.

Ansvarleg for innhaldet i skjemaet	E-post til skjemaansvarleg	Telefonnummer
<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>

4-2. Talet på timeverk av teknisk/hygienisk personell. Talet på timar per veke. Svar med to desimalar.

- Teknisk/hygienisk personell som deltek i interkommunale samarbeidsordningar skal fordelast på dei kommunane som deltek i ordninga.
- Yrkesgrupper som ikkje er nemnde i spørsmål 4-2 skal først i spørsmål 4-4.

	Førebyggjande arbeid, helse (funksjon 233) - Miljøretta helsevern	Førebyggjande arbeid, helse (funksjon 233) - Anna førebyggjande arbeid	Administrasjon (funksjon 120)	I alt
Helseinspektørar/teknisk-hygienisk personell	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Veterinærar	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
Ingeniørar	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>
I alt	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>	<input type="text"/>

4-3. Organisering av anna førebyggjande arbeid

(Utanom legar, fysioterapeutar og helsestasjons- og skolehelseteneste. Fleire avkryssingar er mogleg)

	Førebyggjande arbeid, helse (funksjon 233) - Miljøretta helsevern	Førebyggjande arbeid, helse (funksjon 233) - Anna førebyggjande arbeid
Organisasjonsform	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kommunal etat/eining	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kommunalt foretak (KF)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kommunalt AS	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Interkommunalt samarbeid	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Interkommunalt samarbeid m/ særrekningskap	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Interkommunalt selskap (IKS)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Interkommunalt AS	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Privat AS	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

4-4. Talet på timeverk anna personell. Talet på timar per veke. Svar med to desimalar.

Rettleiing:

- Personell som skal registrerast i denne tabellen omfattar personell og yrkesgrupper som fell inn under lov om helsetjenesten i kommunene og som ikkje er registrert i andre delar av skjemasett for personell og verksemd i kommunehelsetenesta (delane 1 til 3 og 4.2) eller skjema 4 og 5 for pleie- og omsorgstenestene.
- Timar knytte til fengselshelsetenesta og legevakt skal ikkje registrerast.
- Kommunalt tilsett personell ved legekontor skal registrerast her.

